

# Notat om rekneskap

## Overgang frå brutto til netto

Rekneskapen 2023 visast på ein anna måte enn før. Det kan sjå ut til at inntektene og utgiftene er gått ned med omkring ein million kroner kvar. Det er ikkje fordi økonomien har krympa, men fordi vi viser det annleis.

Fleire poster som før var oppgitt *brutto* er no vist *netto* i staden. Det betyr til dømes at der kontorleige i 2022 er oppgitt å koste kr 330 000, og vi på inntektssida har diverse refusjonar for løn og kontor – er det no berre oppført ein lågare sum på utgiftssida – kr 130 717,80. Dette er kva fylkeslaget har brukt på husleige, etter at Bergen SV og Vestland SU sine deler av kostnaden er trekt frå.

## Overordna bilete og resultat

Det overordna biletet er at budsjettet på fleire poster har treft godt. Det er særleg godt at pengebruken i valkampen har vore under kontroll. Resultatet er likevel dårlegare enn budsjettert. Det handlar om forhold på både inntekts- og utgiftssida.

På inntektssida er det kome inn mindre enn budsjettert på kontingent, partiskatt, autogiro-gåver og diverse. På partiskatt kjem ein korreksjon, men med verknad for 2024-rekneskapen. Det største avviket er «diverse»-posten. Her var det skissert at vi etter søknad skulle få inn kr 115 000 i valkampstøtte og frå organisasjonsfondet.

Overgangen frå brutto til netto kan gjere det litt vanskeleg å forstå kva som er ulikt på utgiftssida. Tross tilsynelatande avvik, er kontorutgiftene som venta, med unntak av posten drift/rekvisita. Ved tilsetting av ny fylkessekretær har det vore kjøpt inn ei ny datamaskin, og en del nytt IKT-utstyr til begge dei tilsette.

Den største drivaren på utgiftssida er fylkesårsmøtet. I budsjettet var det skissert ein kostnad på 175 000 *brutto*. Medrekna innhenta eigenandel ville *netto* kostnad vore kr 75 000. I rekneskapen er *netto* kostnad kr 175 000. Det er altså avvik på kr 100 000.

## Om balansen

Per 31.12.23 har fylkeslaget solid eigenkapital, og ein god økonomisk situasjon.

Overvekta av eigendelane er fordringar. Desse er i hovudsak kostnadsrefusjonar frå Bergen SV, Vestland SU og fylkestingsgruppa (FT) som vil realiserast innan kort tid. Fordringa ved namn «Eldre fordring – VSU» er eldre gjeld frå Vestland SU som skal betalast etter ei eiga plan. Dette er avtalt med Vestland SU.

Gjelda kjem av kostnadar som høyrer til 2023, men som anten ikkje vart fakturert eller betalt før nyttår. Dette er kortsiktig gjeld, og er i hovudsak nedbetalt innan februar.